

Notat

Frå: Eli Gjertsen Hjelle

Til: Bekka Skaasheim, OA

Kopi til: Kenth Rune T. Måren, OA

Velferdsteknologi i vidaregåande opplæring -Eit framtidsretta utviklingsprosjekt på fagarbeidarnivå-

Energikompetansesenteret as (EKS) på Nordfjordeid, Stryn vidaregåande skule og Eid vidaregåande skule har sidan sommaren 2014 hatt eit forplikande prosjektsamarbeid – «Morgondagens omsorg – Velferdsteknologi» Prosjektplanen ligg ved og eit av hovudmåla er å utvikle eit nytt tverrfagleg programfag i læreplanen som kan nyttast både innafor helsearbeidarfaget og elektrofaget.

EKS, Stryn- og Eid vidaregåande skule er godt i gang med sluttplanlegginga og ferdigstillinga av Opplæringsleilegheita ved Stryn vidaregåande skule. Vi meiner at utviklingsprosjektet er svært framtidsretta og unikt på landsbasis, der Velferdsteknologi vert retta mot opplæringa i vidaregåande skule og mot fagarbeidarnivå. Elevane på VG2 Helsearbeidarfaget i Stryn og VG3 Dataelektronikarfaget på Eid skal no delta i prosessen med klargjeringa av Opplæringsleilegheita på Stryn vidaregåande skule.

Læreplanarbeidet er vesentleg i utviklingsprosjektet og vi tek mål av oss å utvikle eit felles programfag opp mot velferdsteknologi, som kan nyttast i fleire utdanningsprogram (helse, bygg og elektro) I tillegg kan ein god del av det nye vi utviklar takast i prosjekt til fordjuping både på Vg1 og Vg2. Tverrfagleg forståing på fagarbeidarnivå er avgjerande for å lukkast med implementeringa av velferdsteknologi. Felles kompetansemål vert viktig å vurdere.

Planlegginga av «Lab-leiligheita» i EKS sine lokaler i tilknytning til Eid vgs. er i sluttfasen og her skal ulike smarthusløyningar inklusiv velferdsteknologi testast ut.

Balansen mellom «Dei varme hendene» og teknologi

I løpet av våren og sommaren har det vore hektisk byggjeaktivitet på Helsefagavdelinga ved Stryn vidaregåande skule. Den nye opplæringsleilegheita er no klar for innreiing av møblar, utstyr og teknologiske løysingar. Vi er no inne i fasen der utforming, teknologi, hjelpemidlar, tilrettelagde og framtidsretta løysingar vert sett i fokus. Gjennom byggjeprosessen og installasjonsplanlegginga har

det vore hektisk møteverksemd i arbeidsgruppa mot lokale og regionale leverandørar. Ressurs- og kompetansepersonar har vore nytta og skal nyttast vidare etter behov i klargjering av leilegheita. Parallelt med bygge- og installasjonsprosessen vert det arbeidd med planar for opplæring til elevane med forankring og implementering i læreplanane.

Fredag 4/9 møttes elevane frå Dataelektronikarfaget på Eid og Helsearbeidarfaget på Stryn vidaregåande skule. Dataelektronikarane skal no i gang med planlegging av installering av teknologien i leilegheita og helsefagelevane skal vere med i brukarprosessen. Samtidig skal dei sette fokus på at teknologien ikkje skal erstatte «Dei varme hendene». Det er svært viktig aspekt i prosjektet å ivareta balansen mellom teknologi og omsorg. Forsking viser at dersom velferdsteknologiske løysningar skal få effekt fordrar det opplæring og kompetanseheving både i førekant av og parallelt med innføring av velferdsteknologi.

I planlegginga av opplæringsprosessen vil vi legge vekt på kompetanseheving av lærarar, samarbeid med kommunar, andre utdanningsinstitusjonar, hjelpemiddelsentralen og relevante fagmiljø.

Prosjektet er eit delprosjekt i eit større samarbeid mellom ulike aktørar ikkje berre i Sogn og Fjordane, men og i resten av landet. Svein Otto Melheim frå EKS er prosjektleiar medan Stryn og Eid vidaregåande skule har fokus på opplæring til elevar, lærlingar, tilsette i kommunane, brukarar og pårørande.

Læreplanarbeidet

Frå fylkesdirektør for opplæring er Kenth Rune Teigen Måren utpeika som kontaktperson for prosjektet. Vi er no komt til ein fase i prosjektet der det vert viktig å koble Hovudutvalet for opplæring og sentrale myndigheiter tettare på.

Vi ber om at HO vert orientert og at Sogn og fjordane fylkeskommune kan søkje Utdanningsdirektoratet om utviklingsmidlar til nytt tverrfagleg programfag. Om vi kjem langt nok i utviklingsarbeidet, må det i sin tur søkast om forsøk med det nye programfaget frå skuleåret 16/17.

For styringsgruppa:

Ove Bjørlo